



Betre læring i Ål kommune

Handlingsplan 2011-2015



**Vedteke av Ål kommunestyre
15. juni, 2011.**

Handlingsplan for oppvekstsektoren 2011-2015

Vedteke i kommunestyret 15. juni, 2011.

Ål kommunestyre vedtok 26.08.10 å sjå på utvikling av innhald, kvalitet og struktur for skular og barnehagar i Ål. Ei prosjektgruppe fekk denne oppgåva:

1. Gjennom ein brei og omfattande prosess utarbeide plan for utvikling av skule og barnehage i Ål kommune for perioden 2011 – 2015.
2. Definere kva omgrepet kvalitet betyr for skule og barnehage, og dernest gjere framlegg om kva mål det skal vere for kvalitet i skule og barnehage.
3. Evaluere nåverande og gjere framlegg om framtidig organisering for skule og barnehage.

Desse har vore med i prosjektgruppa:

- Espen Karlsen, SUO/saksordførar
- Torleif T. Dalseide, ordførar/Formannskapet
- Dagfinn Bøygard, SUO/Kommunestyret
- Ellen Oppsato Mikkelerud, SUO/Kommunestyret
- Kjell Arne Haavaldsen, representant for rektorane
- Einfrid Hagen, representant for barnehagestyrarane
- Astrid Skarsgard, representant for Delta/Fagforbundet
- Solveig Vestenfor, representant for Utdanningsforbundet
- Bergljot Nordal, representant for Kommunalt foreldreutval
- Stein Olav Romslo, Ål Ungdomsråd
- Eldgrim Springgard, kommunalsjef for oppvekst
- Bjørgulv Noraberg, rådmann

Prosjektgruppa gjennomførte 14 arbeidsmøte, to opne folkemøte, eit foreldremøte i samarbeid med Kommunalt foreldreutval (KFU) og ei undervegshøyring. Skular og barnehagar gjennomførte også som del av prosjektet ein verkstaddag 3. februar. Møta var godt besøkte og det kom inn over 30 innspel til undervegsrapporten. Prosjektgruppa la fram utkast til plan på open høyring i mars 2011. Her kom det 28 innspel. Innspel og synspunkt som er fanga opp i prosessen har vore med og forma dokumentet. Prosjektet vart også drøfta på alle SUO-møta i denne perioden og vart handsama som eiga sak i SUO 24. mai og i kommunestyret 15. juni, 2011.

Resultatet er to dokument, eit strategidokument og ein handlingsplan med felles overskrift, **Betre læring i Ål.**

Innhold handlingsplan 2011-2015

FORANKRING OG RULLERING	5
FIRE STRATEGIAR FOR BETRE LÆRING	5
RESSURBEHOV	5
1 KVALITETSMÅL	6
2 FELLES PLATTFORM	6
3 FIRE INNSATSOMRÅDE	7
3.1 Tidleg innsats.....	7
3.2 Tilpassa opplæring.....	8
3.3 Formidling og kulturarbeid.....	8
3.4 Fysisk fostring og psykisk helse.....	9
4 TILRETTELEGGE FOR STØRRE LÆRINGSMILJØ	10


Forankring og rullering

Denne handlingsplanen byggjer på strategidokumentet Betre læring i Ål, blir vedteke i kommunestyret 15. juni 2011. Strategidokumentet står fast og gir retning gjennom heile planperioden fram til 2015.

Denne handlingsplanen blir rullert kvart år fram til 2015 gjennom årsmelding, strategikonferanse og budsjetthandsaming. Tiltak med oppstart i 2011 og 2012 er å rekne som prioriterte tiltak. Dei andre tiltaka vil bli prioritert saman med nye tiltak ved den årlege rulleringa.

Fire strategiar for betre læring

Å bli sett og å bli verdsett er viktig for oss alle. I møtet mellom krav og meistring får kvar enkelt motivasjon til å arbeide mot nye mål og ny læring kan skje. Dette er vår strategiske læringsplattform. Ål kommune har i planperioden 2011-2015 fire strategiar som styrer arbeidet i oppvekstsektoren.



Fire strategiar for betre læring i Ål.

Ressursbehov

I denne handlingsplanen er dei fire strategiane gjort om til konkrete tiltak. Kvart enkelt tiltak er ansvarsplassert og det er gjort ei ressursvurdering. Enkelte tiltak vil krevje tilførte midlar. Andre kan bli løyst med eigne ressursar og med omprioritering. Enkelte tiltak kan også bidra til å gjere drifta meir kostnadseffektiv.

Personalbehov er ein del av ressursvurderinga. Kor mykje kan organisasjonen gjennomføre ved å omprioritere? Kan tiltaket føre til mindre tidsbruk? Kva tiltak vil krevje auka bemanning? Kan tiltak organiserast/gjennomførast med prosjektfinansiering?

1 Kvalitetsmål

Rammeplanen og lokale årsplanar, og læreplanen med fagplanar, har læringsmål. Desse måla styrer innhaldet i undervisninga.

Ål kommune vil i planperioden 2011-2015 formulere konkrete kvalitetsmål basert på tilstandsrapporten, brukardialog og kommunens egne utvalde innsatsområde. Gjennom kvalitetsmål kan kommunen kontrollere læringsutbyttet til dei som veks opp i Ål.

Arbeidsgrupper sett ned av rådmann / SUO etter kommunestyrevedtak 15. juni 2011, skal utarbeide konkrete kvalitetsmål for oppvekstsektoren. I desse arbeidsgruppene skal det vere med både politikarar og pedagogiske fagpersonar. Fyrste sett med mål skal vere klare til strategikonferansen i 2012 og blir sidan evaluert, vurdert og rullert kvart år.

Dei kommunale kvalitetsmåla skal inngå i målkart for balansert målstyring og blir med det vedteke av kommunestyret under budsjetthandsaminga.

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
1.1	Arbeidsgrupper utarbeider kvalitetsmål for oppvekstsektoren.	SUO	Haust 2011	Politisk møtegodtgjering Bruk av eigen tidsressurs Kompetansemidlar

2 Felles plattform

I planperioden 2011-2015 blir det viktig å arbeide med styringsrutinar og evaluering, system for erfaringsdeling og tilbakemelding, kompetansebygging og meir samhandling. For å sikre lik læring er det nødvendig å etablere ei felles plattform for oppvekstsektoren.

Tiltak i planperioden

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
2.0	Etablere kontrollrutinar og felles elektronisk kvalitetssystem.	IKT- Hallingdal	Er i gang!	Gjeld alle kommunesektorane i heile regionen. Blir gjennomført innan egne rammer.
2.1	Samordne lengda på skuledagen og innføre same fag- og timefordeling ved alle skulane i kommunen.	SUO Oppvekst- kontoret	Haust 2011	Krev tidsressurs innanfor eiga ramme.
2.2	Etablere nettverk på trinn for å sikre felles fagplan, periodeplanar og meir samordna arbeidsmetodikk.	Oppvekst- kontoret	Haust 2011	Omorganisering av eksisterande tidsressurs.
2.3	Ressursfordeling. Innføre tildelingsmodell som tek omsyn til variasjonar i avdelingane og vikarbehov.	SUO Oppvekst- kontoret	Før budsjett 2013 blir utarbeidd	Ny fordelingsnøkkel av tildelt ramme.
2.4	Etablere ein styringsrutine som sikrar lik læring for alle: Kartlegging - analyse - evaluering – tilbakemelding	Oppvekst- kontoret	Haust 2012	Tiltaket blir vurdert som ei regional satsing. Vil krevje tidsressurs og kjøp av kompetanse.
2.5	Vikarordning. Gjennomgang av dagens ordning, vurdere alternativ organisering.	SUO Oppvekst- kontoret	Haust 2012	Omdisponere eksisterande ramme.

2.6	Kartlegging - Kompetanseplan. Ta i bruk ordningar med erfaringsdeling og kollegaveiledning.	Oppvekst-kontor	Haust 2012	Skal dette tiltaket gje ønska effekt, vil utvida tidsressurs bli heilt nødvendig. Prosjektfinansiering?
2.7	Overgangsrutinar. Kartlegge det som er og etablere nye overgangsrutinar gjennom heile oppvekstløpet			
2.8	System for sikre at alle fagområde i barnehagen blir ivaretekne over tid.			
2.9	Foreldreskule. I samarbeid med Kommunalt foreldreutval (KFU) utvikle/gjennomføre foreldreskule.			
2.10	Rekrutteringsstrategi. Kontakte mastergradsstudentar, praksisplassar.			

3 Fire innsatsområde

Ål kommune vil i planperioden, med bakgrunn i dei utfordringane oppvekstsektoren har, rette innsatsen mot fire område.

1. Tidleg innsats
2. Tilpassa opplæring
3. Formidling og kulturarbeid
4. Fysisk fostring og psykisk helse

Det er viktig å understreke at alle tiltak i kvart innsatsområde har verdi så lenge det verkar positivt på læring av **ferdigheiter, basiskompetanse eller fag**.

Tiltak som er merka *Samarbeid helse/oppvekst/kultur*, har i sum ei kostnadsramme på 1,5 mill. Ved realisering skal oppvekst bidra med om lag 1/3 eller 500.000.

3.1 Tidleg innsats

Innsatsområdet **Tidleg innsats** vil i første planperiode prioritere god samhandling mellom barnehagar, skular, PPT, helsestasjon, barnevern, familievern, bibliotek (leseplan) og andre. Tanken er å hjelpe fleire barn tidleg i livsløpet med språkutvikling og sosial kompetanse.

Dette er ein føresetnad for god læring.

Innsatsområdet Tidleg innsats har også som mål å redusere talet på spesialundervisningstimar gitt gjennom enkeltvedtak. I dag blir for store ressursar nytta til spesialundervisning til eldre elevar.

Tiltak i planperioden:

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
3.1.0	Felles Løft for tidleg innsats er eit regionalt prosjekt. Barnehagane har starta opp. Skal vidareførast i skulen.	Regional: - styringsgr. - prosjektgr.	Er i gang!	Prosjektfinansiering. Blir gjennomført med stor grad av eigeninnsats og med egne kompetansemidlar.
3.1.1	Vurdere auka pedagogisk bemanning i barnehagane.	SUO Oppvekst-kontor	Haust 2011	Kartlegge dei økonomiske konsekvensane. Truleg blir det nødvendig å auke ramma.
3.1.2	Familiens hus skal gjera det enklare å ta kontakt og få hjelp av ppt, buf-etat, helsestasjon og barnevern. Skal også	Oppvekst Helsestasjon PPT	Haust 2011	Prosjektstilling kr. 450.000 <i>Samarbeid Helse/Oppvekst/Kultur</i>

	koordinere og styrke samarbeidet mellom skule/barnehage/helsestasjon/ ppt/psykisk helse/barnevern	Helsesektor		
3.1.3	Lydfargemetoden, prøveprosjekt med alternativ leseopplæring i 1. og 2. trinn	SUO Oppvekstk. Rektorar	Vår 2012	Prosjektfinansiering, kr. 200.000, pluss eigeninnsats/bruk av egne tidsressursar.
3.1.4	Språk- og leseplan for Hallingdal. Oppfølging. Vurdere andre lesestimuleringstiltak.	Oppvekstkontoret Avd.leiarar	Haust 2012	Innan ramma.
3.1.5	Gjennomføre delar av 2 og 4-års-kontroll i barnehagen.			

3.2 Tilpassa opplæring

Å skaffe kunnskap om ulike læringsstrategiar slik at alle kan oppleve meistring og utvikling blir det viktigaste i planperioden. Mange opplever eit sterkt teoripress i skulen. Andre går meir på tomgang og kan mangle dei store utfordringane. Det er også eit mål at fleire av dei som i dag får spesialpedagogisk hjelp gjennom enkeltvedtak, kan få dette med ordinær tilpassa opplæring.

Tiltak i planperioden:

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
3.2.0	ART, PALS og MOT (program for sosial trening/haldningsarbeid) er i bruk. Viktig å bruke desse programma som hjelpemiddel også til å redusere talet på enkeltvedtak.	Rektorane	Er i gang !	Det har vore gjennomført eit regionalt adferdsprosjekt. Programma blir vidareført innan egne rammer. Kommunen er MOT-kommune og brukar forholdsvis stor tidsressurs på dette.
3.2.1	Systemarbeid for å flytte meir av innsatsen frå enkeltvedtak til generell styrking med fokus på klasseleing, struktur og bruk av tolærar.	SUO Oppvekstkontoret Avd.leiarar	Haust 2011	Krev spesialpedagogisk kompetanse i barnehagane og skulane. Krev vilje til å disponere meir av ressursane til tilpassa opplæring.
3.2.2	Inn på TUNET er ei regional satsing og eit prosjekt med brei forankring. Prøve dette ut som alternativ læring for praktisk flinke elevar.	SUO Oppvekstkontoret Ungd.sk.	Vår 2012	Kjøre tenester kr. 300.000 <i>Samarbeid Helse/Oppvekst/Kultur</i> Næringsstøtte?
3.2.3	Steg for steg og Du og eg og vi to. Det er ditt val. Gjera dette til ei kommunal satsing for sosial kompetanse i oppvekst			
3.2.4	Tiltak som kan gje dei mest motiverte elevane ekstra utfordring			
3.2.5	Integrering av framandspråklege i norske klassar.			

3.3 Formidling og kulturarbeid

Samhandling mellom kulturskulen, barnehagane og skulane vil bli prioritert i planperioden. Korleis kan kulturskulen bli eit ressurscenter for dei praktiske og dei estetiske faga og for eventuelt nye valfag. Kulturskulen representerer ein alternativ meistringsarena og kan bidra til

å forsterke læringsutbytte. Korleis kan barnehage, skular, kulturskule og andre sektorar samarbeide for å lage større og meir attraktive stillingar.

Tiltak i planperioden:

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
3.3.0	Frikar i SFO er eit eige prosjekt som startar opp i 2011 og er eit godt døme på korleis kultur kan bidra med nytt innhald i SFO.	Ål kultur-skule rektorar	Er i gang!	Er prosjektfinansiert, kr. 350.000. Krev tidsressurs og samarbeidstid med skulane.
3.3.1	Ål kulturskule. Gjennomgang av tenester og ressursbruk for å styrke kulturskulen som kompetansemiljø og ressurscenter.	SUO Oppvekst-kontor	Vår 2012	Dette bør gjennomførast som eit prosjekt, med ei breitt samansett prosjektgruppe - eigeninnsats, pluss prosjektmidlar kr. 100.000
3.3.2	Storebasken og Veslebasken Samarbeidsprosjekt mellom barnehage, skule, kultur og helse. Utprøving av musikkterapeut.	Prosjekt	2012	Prosjektstilling kr. 540.000 (Bør vere musikkterapeut) <i>Samarbeid Helse/Oppvekst/Kultur.</i> (sjå dette tiltaket saman med 3.3.1)
3.3.3	Utvida skuledag. Til lekser, praktiske og estetiske fag. Prøveprosjekt.			
3.3.4	Felles prosjekt med innleigde kunstnarar, gjerne inn mot større arrangement som t.d. Den norske folkemusikkveka,			

3.4 Fysisk fostring og psykisk helse

Det vil i planperioden bli laga ein plan for fysisk aktivitet på trinn, pr. dag og gjennom året med eit konkret målkart. God fysisk og psykisk helse er viktig for både læringsutbytte i skulekvardagen og er førebyggjande i eit folkehelseperspektiv.

Tiltak i planperioden:

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
3.4.0	Friminuttaktivitet i samarbeid med Friskliv.	Rektor Friskliv	Er i gang!	Blir dekkja av ramme og av tidsressursen til Frisklivkoordinator.
3.4.1	Plan for fysisk aktivitet, 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag for alle og sosial læring gjennom aktivitet. Finne løysingar i samhandling med andre.	Oppvekst-Kontoret Avd.leiarar Andre sekt.	Vår 2012	Systematisere dagens fysiske aktivitet i kroppsøvfingsfag, uteskule og i friminutt. Organisere tidsbruk og finne løysingar innafor dagens ramme.
3.4.2	1/2 stilling i skulehelsetenesta med fokus på tverrfagleg samarbeid, retta mot aldersgruppa 13 til 23.	Oppvekst Helse	2012	Opprette ny stilling kr. 270.000 <i>Samarbeid Helse/Oppvekst/Kultur</i>
3.4.3	Måltid. Vurdere skulemat som læringsfremjande tiltak i barnehage og skule. Alternativ: Haldningsarbeid mot foreldre i foreldreskule.	Oppvekst	2012	
3.4.4	Psykisk helse. Fokus på informasjon og tiltaksarbeid. Sterkare samhandling psykisk helse, ppt og skulehelsetenesta.	Oppvekst Helse	2012	<i>Samarbeid Helse/Oppvekst/Kultur</i> (Sjå dette tiltaket saman med 3.1.2)
3.4.5	Uteskule kan gi betre læring, beskrive korleis utemiljø og leikeplassar kan vere læringsarena. Samle eksempel.			Uteområde og leikeplassar blir opprusta gjennom investeringsmidlar saman med tippemidlar.

4 Tilrettelegge for større læringsmiljø

For di større læringsmiljø gir rom for å nytte kompetanse og ressursar på ein betre måte, vil Ål kommune i planperioden vurdere, greie ut og eventuelt gjennomføre strukturendringar og mindre ombyggingar som vil kunne bidra til betre læring. Kommunen vil bygge vidare på og styrke læringsmiljøet i tre einingar: Torpo, Nedre-Ål/Skattebøl/Sando og Leveld.

Det er også eit mål for kommunen å kunne tilby barnehageplass til alle som ynskjer det. Eventuelle strukturendringar må også ta dette målet med i vurderinga.

Aktuelle tiltak:

	Tiltak	Ansvar	Oppstart	Ressursvurdering
4.1	Felles administrasjon for Skattebøl og Nedre-Ål. Ei eining gir betre utnytting av kompetanse, ressursar og større fleksibilitet.	SUO Oppvekstkontoret	Haut 2012	Konsekvensutgreie hausten 2011
4.2	Sikre større læringsmiljø på trinn ved å legge ned Sando. Fremje dette som eiga sak hausten 2011.	SUO Oppvekstkontoret	Haut 2012	Konsekvensutgreie hausten 2011
4.3	Sikre barnehagetilbod til alle som ynskjer det ved å ta i bruk Sando skule som ny kommunal barnehage.	SUO Oppvekstkontoret	Haut 2012	Konsekvensutgreie hausten 2011
4.4	Handlingsplan når elevtalet i eit trinn blir for lite.			

---- oo0oo ----